



Seim Bygg AS

Referanser:

Dykkar: Terje Seim

Vår: 18/1100 - 19/29600

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

04.10.2019

Ferdigattest tomannsbustad - gbnr 55/39 Bruvoll

Administrativt vedtak. Saknr: 301/19

Tiltakshavar: Bent – Arne og Arne Rognaldsen

Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.08.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll. Det vert elles vist til søknad motteken 26.09.2019.

Skildring

Adresse:	Hundvinsvegen 1A og 1B
Bygningstiltak:	Tomannsbustad, vertikaldelt
Bygningsnummer:	300700465 (1A) og 300700466 (1B)
Bruksareal:	234m ²
Avlaup:	Biologisk/kjemisk reinsing før utslepp til myrområde
Vatn:	Privat vassverk (borehol)

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-10 vert det gjeve ferdigattest for vertikaldelt tomannsbustad på gnr. 55, bnr. 39.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. §20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: [flett inn arkivsak id]

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:
Seim Bygg AS